



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Molde kommune

Dato: 11. nov 2021

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Høyring – oppstartsmelding detaljregulering Retiroskogen

Vi viser til utsending med høyring av oppstartsmelding for detaljregulering av Retiro med høyringsfrist 12.11.2021.

Slik vi oppfattar det er planområdet utvida sia førre gong det var meldt oppstartsmelding for Retiro. Sia føremålet med reguleringa er tilrettelegge av areal hovudsakleg for park og rekreasjon finn vi det difor rett å foreslå å utvide planområdet austover til også å omfatte Nøisomhed med dei store parkområda der.

Slik vi oppfattar situasjonen no med Retiroskogen er at den er unik i form at den er eit grøntområde midt i byen som er intakt og som har nasjonal (internasjonal?) verdi som parkanlegg. Vi viser her til uttale frå Naturvernforbundet av 29.10.2021 og Fortidsminneforeningen av 05.11.2021 som går inn på stadens kvaliteter.

Retiroskogen er med på lista over dei områda vår fylkeskommune har lagt inn i den nasjonale handlingsplan for friluftsliv. FNF Møre og Romsdal vil råde Molde kommune om å sikre heile Retiroparken som statleg sikra friluftsområde ein gong for alle. Det er gode statlege ordningar for å sikre areal til nettopp rekreasjon/friluftsliv som sparer uttak frå kommunekassa (sjå <https://mrfylke.no/tilskot-prisar-og-stipend/tilskot-idrett-friluftsliv-frivilligheit-og-folkehelse/statleg-sikra-friluftsomraade>).

Vi har jo nettopp no i eit nedstengt Norge grunna pandemien sett kor viktig slike nære rekreasjonsområde er for folks helse. Likeins høyrer ein på kvardagspraten folk imellom og ser på folks reaksjon på nettet på kva dei meiner om utbyggingsplanane for bolig, fotballbaner etc i den verdifulle Retiroskogen (sjå <https://www.facebook.com/groups/676467242392166/permalink/3094179600620906/>).



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Om kommunen skulle velgje å byggje ned delar av Retiroskogen vil vi minne om RPR for barn og unge som er ein del av FN's barnekonvensjon, som blant anna seier; «Ved omdisponering av arealer som i planer er avsatt til fellesareal eller friområde som er i bruk eller er egnet for lek, skal det skaffes fullverdig erstatning. Erstatning skal også skaffes ved utbygging eller omdisponering av uregulert areal som barn bruker som lekeareal, eller dersom omdisponering av areal egnet for lek fører til at de hensyn som er nevnt i punkt b ovenfor, for å møte dagens eller framtidens behov ikke blir oppfylt.» (sjå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rikspolitiske-retningslinjer-for-a-styrk/id519347/>).

Konklusjon

FNF Møre og Romsdal meiner at Retiroskogen er verdifull både utifrå omsynet til natur, friluftsliv og kultur og at kommunen må sikre skogen mot utbygging ein gong for alle med å sikre den som friluftsområde.

Ingbjørn Bredeli
Koordinator Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi:
Møre og Romsdal fylkeskommune
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal